



Norsk Folkemusikklag

Referat frå årsmøte, 10. september 2020

Årsmøtet vart avvikla digitalt på Zoom. 18 medlemmar møtte, inkludert fire representantar frå styret.

Sakliste

1. Val av møteleiar og referent

Per Åsmund Omholt vart vald til møteleiar og Sveinung Søyland Moen til referent.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

3. Årsmelding for 2019–2020

Styreleiar Bjørn Aksdal la fram styret sitt forslag til årsmelding for 2019–2020. Årsmeldinga vart godkjend utan merknadar.

4. Rekneskap for 2019

Kasserar Anne Svånaug Blengsdalen presenterte rekneskap for 2019. Rekneskapen vart godkjend utan merknadar.

5. Arbeidsprogram for 2020–2021

Styreleiar presenterte forslag til arbeidsprogram for den komande perioden. Arbeidsprogrammet vart godkjend utan merknadar.

6. Årskontingent

Styreleiar presenterte styret sitt forslag om å auka alle kontingentsatsane med kr. 50 frå årsmøtet 2020 pga. den stramme økonomien til laget.

Årsmøtet vedtok dei nye satsane som då vert:

- Individuelt medlem: 400,-
- Studentmedlem: 150,-
- Familiemedlem: 550,-
- Institusjonsmedlem: 550,-

7. Budsjett for 2020

Styreleiar presenterte forslag til budsjett for 2020, slik det vart utarbeidd til det planlagde årsmøtet i mars.

Kristian Ihle Hanto spurde om budsjettet burde vore oppdatert til årsmøtet som no i realiteten vart i september. Styret informerte om at dei valde å leggja fram og styra etter det opphavlege budsjettet, då at arbeidssituasjonen for perioden framleis er svært usikker pga. Covid 19-pandemien.

Budsjett for 2020 vart godkjent utan endringar.

8. Vedtektsendring

Med unntak av ei mindre endring om samansettinga av valkomiteen i 2012, er ikkje vedtektene til Norsk folkemusikklag endra sidan 1992. Etersom organisasjonen har endra seg ein del på desse åra, presenterte styret eit forslag til oppdaterte vedtekter for Norsk folkemusikklag. Det mangla dato for førre vedtaksendring, som styret vart gjort merksam på rett før årsmøtet. Datoen var 27/2-2012.

Marit Stranden viste til kapittel 3 i vedtektene, med saklista for ordinære årsmøte og fremja eit endringsforslag. Ho foreslo å stryka føreslått punkt g: "Saker fremmet under årsmøtet". Ho argumenterte at det alt finst metodar for å leggja fram ekstraordinære saker under årsmøtet, og at det difor ikkje treng å stå som fast sak på saklista for ordinære årsmøte. Årsmøtet støtta forslaget.

Styret sitt forslag til oppdaterte vedtekter vart godkjent med ovannemnde endring.

9. Val

Valkomiteen, representert ved Hans-Hinrich Thedens, presenterte innstillinga si for årsmøtet. Dei innstilte medlemmane vart valde med akklamasjon. Etter årsmøtet sit følgjande medlemmar i styret:

Bjørn Aksdal, leiar (til 2021)

Per Åsmund Omholt (til 2021)

Andrea Kasbo Rygh (til 2021)

Karin Eriksson (til 2022)

Sveinung Søyland Moen (til 2022)

1. varamedlem: Borghild Harang-Hanto (til 2021)

2. varamedlem: Leif Ingvar Ranøien (til 2021)

Valkomiteen har etter årsmøtet følgjande samansetting:
Mary Barthelemy (til 2021)

Sjur Viken (til 2022)

Revisor Siri Mæland vart attvald for eitt år.

10. Seminar og årsmøte 2021

Per Åsmund Omholt informerte årsmøtet om seminaret 2021. Det planlagde seminaret i 2020 "Aktuell, tradisjonell og unik" måtte diverre utsett på ubestemt tid pga. Covid 19-pandemien. Styret ønskjer no i staden å gjennomføra seminaret våren 2021.

Temaet vil vera folkemusikaren anno 2021 – korleis vert folkemusikk og dans presentert i dag? Korleis profilerer ein utøvar seg? Kva ideologiar og identitetar ønskjer me å formidla? Dette er nokre av spørsmåla som vil diskuterast under seminaret som vil haldast på Rauland i lokala til Universitetet i Sørøst-Noreg. Det vert truleg lagt til andre veka etter påske, 14.–16. april. Nærare informasjon om tidspunkt kjem på nettsidene og Facebook-gruppa til laget når dette er heilt klart.

11. Eventuelt

Innspel til arbeid med strategi for folkemusikk og folkedans

Styret i NFL ønskjer å senda inn eit innspel til Kulturdepartementet sitt arbeid med ein strategi for folkemusikk og folkedans. Fristen er 30. november. Styret ønskjer innspel frå medlemmane i laget og ber om å få desse innan utgangen av oktober.

Siri Mæland informerte om at Norsk senter for folkemusikk og dans gjerne òg tar i mot innspel frå NFL til deira eige innspel til strategien.

Nytt redaksjonsråd

Styret presenterte følgjande nytt redaksjonsråd for skriftet som trer i kraft frå 2021-skriftet:

- Anne Svånaug Blengsdalen, Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), Bø
- Lene Halskov Hansen, Dansk Folkemindesamling – Det Kongelige Bibliotek, København
- Gediminas Karoblis, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), Trondheim
- Niklas Nyqvist, Finlands svenska folkmusikinstitut, Vasa
- Ingar Ranheim, Valdresmusea, Fagernes
- Astrid Nora Ressem, Nasjonalbiblioteket, Oslo
- Gunnar Ternhag, Høgskolan i Dalarna og Stockholms Universitet

Ny nettside

Sveinung Søyland Moen presenterte den nye nettsida til laget som vil publiserast etter årsmøtet. Han oppmoda medlemmane til å prøva ho ut og senda han eventuelle kommentarar og innspel til vidareutvikling av sida.